

Styremøte 21.04.17 i Indre Nordmøre forsvarsforening (INF)

Fredag 21.04.17 var det styremøte i INF på Krigsminnesamlinga.

Desse møtte: Olav Jostein Holten, Lars Indreiten, Halvor Flatekval og Johs. J. Vaag.

Arvid Gjengstø hadde meldt forfall. Dessutan var Kristian Henden innkalla og møtte opp.

Sak 1.

Referatsaker:

Leiaren informerte om forhold som hadde oppstått sidan siste styremøte. Han nemnde at INF hadde vore representert ved gravferda til Ivar Olaf Halse. Han nemnde at leiar og nestleiar hadde vore på møte i Folk og Forsvar i Molde. Vidare blei møtet som skal vere i regi av Aure historielag kommentert. Helge Husby, som har skreve bok om folk frå vårt distrikt som hadde vore med på kampane i Gratangen, vil halde foredrag om dette på historielaget sitt møte.

2. juni kjem 9-klassingane til Krigsminnesamlinga. Det blir ein dag i år, mot to i tidlegare år.

Som vanleg vil Olav Jostein Holten og Kristian Henden stå for instruksjonen.

Leiaren var innom det komande årsmøtet på landsplan for NFF som blir halde i dagane 9.-11. juni 2017.

Sak 2

Gåve frå medlem Ivar Holten, Mysen.

Medlem av INF Ivar Holten, Vårstien 9a, 1850 Mysen, har gitt ei gåve på kr. 100.000 til Surnadal og forsvarssaka. Gåva skal nyttast slik: Kr. 25.000 til drift av INF. Kr. 75.000 til innkjøp/inventar til Krigsminnesamlinga på bygdemuset på Åsen. INF er takksam for den storslåtte gåva.

Vedtak:

1. Ivar Holten blir utnemnd til æresmedlem av INF.
2. Det blir lagd opp til eit arrangement på Krigsminnesamlinga i løpet av sommaren 2017. Ivar Holten blir invitert som gjest til dette arrangementet.
3. INF søker Presidentskapet i NFF om at Ivar Holten skal tildelast Forsvarsforeningens medalje.

Sak 3

Deltaking på Øra-martnaden på Surnadalsøra

Vedtak:

Det blir tatt sikte på å delta på Martnaden også i år. Leiaren er bortreist på dette tidspunktet. Nestleiarer stiller om han er ledig.

Sak 4

Innkjøp av nytt våpenskåp

Vedtak:

Leiaren får fullmakt til å kjøpe inn nytt våpenskåp til Krigsminnesamlinga.

Sak 5

Kjøp av nytt viltkamera

Vedtak:

Leiaren får fullmakt til å kjøpe inn eit viltkamera i tillegg til det ein har frå før.

Sak 6

Kunngjering av dugnadsdagane

Vedtak:

Lars Jostein Bævre ordnar med kunngjering av dugnadsdagane i samsvar med vedtatt aktivitetsplan. Leiaren kontaktar Bævre på førehand.

Sak 7

Ope møte til hausten med profilert foredragshaldar

Vedtak:

Det blir arbeidd med å få i stand eit slikt møte. NFF sentralt blir kontakta med tanke på å få midlar til å dekke kostnadane. Leiaren får fullmakt til å tinge foredragshaldar.



Johs. J. Vaag

Sekretær